

Retningslinjer for næringsstøtte

EIDFJORD
KOMMUNE





Innhold

Retningslinjer for næringsstøtte	2
1. Føremål.....	2
2. Næringsfondet kan gje tilskot til:.....	2
2.1 Prioriteringar	3
2.2 Det vert ikkje gitt støtte til fyljande	3
2.3 Storleik på tilskott.....	3
3. Handsaming og fullmakter	4
3.2 Krav til søknaden	4
3.3 Søknaden skal innehalde fyljande opplysningar	4
4. Klage	5
5. Kontroll – rutinar – utbetaling	5
A. Kontroll:.....	5
B. Rutinar	5
C .Utbetaling.....	6
D. Utbetaling av tilskot	6
6. Flytting av verksemd/arbeidsplass	6



Retningslinjer for næringsstøtte

1. Føremål

Retningslinjene for næringsstøtte skal vera i samsvar med satsingsområda i strategisk næringsplan og reviderast i samband med næringsplanen.

Føremål med retningslinjene er at dei skal byggje oppom og styrka satsingsområda som til ein kvar tid er nedfelt i strategisk næringsplan.

Reglane for tilskot til næringsføremål gjeld for alle typar næringsverksemd med forretningsadresse i Eidfjord kommune.

Satsingsområda i strategisk næringsplan for 2025-2029, vedteke i kommunestyresak 25/xxx, er som fyljer:

1. Fleire heilårs arbeidsplassar
2. Styrke opplevingsbaserte næringar
3. Attraktive og levande sentrumsområdet
4. Auka tilgang på bustader
5. Industrisatsing i Simadal
6. Landbruk og beredskap

2. Næringsfondet kan gje tilskot til:

1. Nye bedriftsetableringar
2. Bedriftsutvikling
4. Samarbeidsprosjekt , nettverk og klyngeetableringar
5. Tiltaksarbeid knytt til sentrumsutvikling
6. Andre tiltak som fremjar direkte eller indirekte opplevingsbaserte næringar



2.1 Prioriteringar:

Tilskot vert prioritert i samsvar med til ei kvar tid gjeldande strategisk næringsplan. Alle søknader vert vurdert med omsyn til tiltaket sitt potensiale etter fyljande kriterium:

- Sysselsetjingseffekt/heilårsarbeidsplass
- Økonomien i etableringa/prosjektet (klare mål , realistiske budsjett og tydeleg framdriftsplan
- Samarbeidspotensialet/ samarbeidsprosess (saman med andre bedrifter/ klynger)
- Innovasjons- nyskappingsgrad/ kryss- sektor
- Omdømmebygging- Attraktive og levande sentrumsområde
- Tilpassinga til berekraftmål (FN) og beredskap
- I kva grad midlar frå næringsfondet vil ha utløysande effekt på tiltaket
- Tiltaket treff mot satsingsområda i strategisk næringsplan

2.2 Det vert ikkje gitt støtte til fyljande:

- Tiltak/prosjekt som er gjennomført
- Ordinær drift og driftsutgifter
- Sanering av gjeld
- Kjøp av eigedom utan skisse for bedriftsetablering /utviklingsplanar /
- Eigarskifte medfører normalt at tiltaket ikkje får tilskot

Søkjalar med betydeleg privat kapital, vesentlege eigne midlar eller god finansiell bereevne kan som hovudregel ikkje pårekna å få kommunal næringsstøtte.

2.3 Storleik på tilskott

Stønadsbeløp opp til 200 000 euro kan på visse vilkår tildelast utan at det er naudsynt å få førehandsgodkjenning av EFTAs overvakingsorgan. Eit prosjekt kan etter EØS-avtalen sin artikkel 61 mota stønad inntil 200.000 euro over ein treårsperiode – ei såkalla bagatellmessig støtte. For stønad til vegtransportsektoren (t.d. transportselskap) gjeld ein lågare terskelverdi på 100.000 euro (ca. NOK 1 millionar) over tre år.

Tilskotet kan maksimalt vera 20% av det totale investeringskostnaden. Midlane skal vera ein toppfinansiering som utløyser gjennomføring av tiltak. Ved vurdering av søknader om kommunal næringsstøtte skal søkjar si samla økonomiske bereevne leggjast til grunn.



3. Handsaming og fullmakter

Rådmannen innstiller saker til formannskapet og søknadane ver lyst ut med frist 1. oktober og 1 mars kvart år. Inntil 50 % av næringsfondet kan verta utdelt for kvar søknadsfrist.

Næringsfondet utgjør inntil 2 mill. pr. år. Summen vert vedteke i budsjetthandsaminga kvart år

3.2 Krav til søknaden

Søknaden skal vise at søker har vurdert utfordringane og moglegheitene for å nå måla i prosjektet. Det vert stilt krav om at søker kontaktar kommunen eller den som yt denne tenesta på vegne av kommune, for innleiande samtalar for avklaringar av innhaldet i en eventuell søknad. For søknader som gjeld tiltak i landbruket skal også landbrukskontoret i kommunen kontaktast.

Det er krav om eigenfinansiering på minimum 25 % av totalbudsjettet. Eigenfinansieringa kan vera i form av eigne midlar og eigeninnsats – eventuelt ein kombinasjon av disse to.

Eigeninnsatsen kan utgjera inntil 75 % av eigenfinansieringa og maksimalt 500 timar.

Eigeninnsats vert rekna med kr 350,- per time. Dersom det vert utført arbeid med bruk av landbruks- og/eller anleggsmaskiner, vert eigeninnsatsen rekna med kr. 800,- per time.

3.3 Søknaden skal innehalde fyljande opplysningar:

A. Informasjon om søker

Namn, organisasjonsnummer, tlf., e-post, utdanning og yrkeserfaring, samt skatteopplysningar for siste 2 år.

B. Søknad

Ein kort oppsummering av prosjektet og søknadssum.

C. Forretningsplan/prosjektskildring

Omtale om forretningside, marknadsundersøking, målgruppe, konkurranseforhold m.m. Forklaring på kvifor det vert søknad om støtte og i kva gran midlane vil ha utløysande effekt.

D. Regnskap

Revisor godkjent rekneskap for minimum to år, gjeld for etablerte verksemder/tiltak. Siste års skattemelding.



E. Fullstendig investerings- og finansieringsplan

Oversikt over reelt budsjett, egenkapital, banklån og eventuelt andre finansieringskilder.

F. Framdriftsplan

G. Skatteattest

Skatteattest skal fylja søkeren for å sikre at verksemda ikkje har drive økonomisk misleghald. Kommunen kan krevje å få utlevert skatteattest.

Søknader som manglar ovannemnde opplysingar kan risikera å ikkje verta handsama i den aktuelle utlysinga, men vil verta fylgt opp med mål om å innhente manglande opplysingar fram mot påfølgjande utlysing. Rådmannen har mynde til å avvise søknadar som manglar opplysingar.

4. Klage

Det er klageorgan på enkeltvedtak i medhald av forvaltningslova. Klager vert handsama av kommunalt klageorgan.

5. Kontroll – rutinar – utbetaling

A. Kontroll:

Alle verksemder som har fått tildelt støtte, pliktar å rapportera tilbake til Eidfjord kommune. Rapportar skal innehalda informasjon som medfører at ein kan måla effekten av støtte. I tillegg skal det rapporterast rekneskapstal kvartalsvis. Rapporteringsplikta gjeld så lenge verksemda får støtte frå kommunen. Dersom det vert kravd, skal det leggjast fram dokumentasjon frå verksemda, som er stadfesta av autorisert rekneskapsfører eller revisor, på at midlane er nytta ihht. tildelinga. Om verksemda ikkje har revisor og heller ikkje nyttar autorisert rekneskapsfører, skal det leggjast til rette for at Eidfjord kommune sin revisor kan kontrollera bruken av midlane. Midlar som ved kontroll ikkje er nytta ihht. bevilgning kan krevjast tilbakebetalt.

B. Rutinar:

Når ei sak er ferdig handsama i kommunen, skriv administrasjonen eige brev med melding om vedtak til søkeren. Brevet inneheld opplysningar om utbetalingstidspunkt, klagefristar på vedtak og krav knytt til lån/tilskot.



C .Utbetaling:

Når alle avtalte formaliteter og evt. underskrifter er på plass, kan utbetaling skje. Slike formaliteter kan vera fullstendige finansieringsplanar, forretningsplanar, låneavtalar, pantedokument osv.

Deretter gjeld fylgjande:

D. Utbetaling av tilskot:

Inntil 30 % av tilskot kan utbetalast når prosjektet tek til. Deretter kan det betalast ut akonto beløp på oppnådd 50 % og 80 % etter dokumenterte kostnader. Før siste 20 % vert utbetalt skal det leverast rekneskap som viser bruken av midlane samanlikna med søknaden. Rekneskapen skal stadfestast av autorisert rekneskapsfører eller revisor.

6. Flytting av verksemd/arbeidsplass

Dersom verksemda/arbeidsplassen flyttar ut av kommunen før det er gått fem år sidan tilskotet vart utbetalt, må heile tilskotet betalast attende. Om tilskotet er utbetalt og investeringa/tiltaket ikkje vert gjennomført, skal tilskotet betalast attende fullt ut.